Elevene bør få tilbud om og erfaring med Ungdomsbedrift i Yrkesfaglig fordypning/YFF på VG1. Hensikten med YFF er å gjøre det mulig for elever å bli bedre kjent med og prøve ut ulike fagområder og yrker innenfor det utdanningsprogrammet eleven går på. Fra forskriften: «*Yrkesfaglig fordypning skal gjøre det mulig å veksle mellom læringsarenaer og gi elevene mulighet til å oppleve realistiske arbeidssituasjoner i læringsarbeidet.*» Det å delta i Ungdomsbedrift skaper en realistisk arbeids-situasjon innenfor trygge rammer og gjør elevene bedre forberedt før de skal ut i læreplass og i yrkeslivet. Det er også en mulighet å tilby Ungdomsbedrift i YFF på VG3 til elevene som ikke får læreplass.

Gjennom å drive egne ungdomsbedrifter får elevene erfaring med å utvikle ideer til produkter og tjenester, bygge nettverk (f.eks. skaffe leverandører og kunder), ta kontakt med og presentere seg for arbeids- og næringsliv, markedsføring, salg og oppfølging av kunder. Elevene blir mer selvstendige og tar egne initiativ. De erfarer også fordeler og utfordringer med å jobbe i team. Dette er erfaringer som er svært verdifulle når de skal ut i yrkeslivet som lærlinger eller i sin første jobb. I Ungdomsbedrift har de fått innsikt i hvordan en bedrift fungerer og hvordan en bedrift samspiller med andre bedrifter og samfunnet for øvrig.

Elever som driver egne ungdomsbedrifter bruker fellesfagene fortløpende i driften uten helt å tenke på at de faktisk lærer fag. De får f.eks. erfaring med hvordan norsk og matte blir relevant i bedriften. Norskfaget kommer til nytte for elevene både når de kommuniserer skriftlig og muntlig med leverandører og kunder. Matematikk kommer til anvendelse når elevene skal holde orden på regnskapet og økonomien i bedriften, når de skal beregne pris på produktet, når de skal designe produktet, foreta målinger, bruke måleverktøy etc. Ved at elevene anvender fellesfagene i praksis i sine ungdomsbedrifter, får de erfaring med hvordan fagene konkret kan anvendes i deres yrke og ikke minst får de en erfaring med at fagene er relevante.

#### V. Lærere og skoleledere

Lied-utvalget sier i delinnstillingen følgende:

- «...den kompetansen læreren besitter, er en forutsetning for en velfungerende og god struktur i videregående opplæring» (NOU 2018: 15, side 68)
- «Rektor og resten av ledelsen skal sikre den daglige driften av skolen og drive pedagogisk utvikling.» «Andre viktige oppgaver som ligger hos skolens ledelse, er planlegging og tilrettelegging av elevenes undervisning, herunder å planlegge fag- og timefordeling.» (NOU 2018: 15, side 75)

Læreren har en særlig viktig rolle i Ungdomsbedrift. UE tillater ingen elever å drive ungdomsbedrift uten at en ansvarlig lærer er koblet på. Ungdomsbedrift kan i starten være krevende for en lærer, da metoden fordrer at lærer underviser på en annen måte enn den tradisjonelle «tavle-undervisningen». Læreren legger mer av ansvaret for læring og refleksjon over på elevene, og blir mer en veileder gjennom året. Vi har tatt med sitater fra to lærere om hvordan de ser på sin egen rolle:

- Hilde Følstad, lærer på Mære Landbruksskole: «Jeg er ikke så mye lærer for ungdomsbedriftene, jeg er mer veileder og coach. I andre timer står jeg ved kateteret og

*forteller og viser hvordan ting skal gjøres. Men her gir jeg mye mer av ansvaret til elevene. Undervisningen blir mer elevstyrt.*» Se film med Hilde [HER](#)

- Guro Mette Hedemark, lærer på Drammen videregående skole: «*Det er veldig mye learning by doing. Jeg gir elevene mye av ansvaret for å komme opp med gode ideer. (...) Du får en veilederrolle, mer enn en lærer som driver tradisjonell undervisning. Du skal være en motivator.*» Se film med Guro Mette [HER](#)

UE tilbyr opplæring, kurs og oppfølging til alle lærere som benytter Ungdomsbedrift i undervisningen. Vi har et bredt spekter av kompetansehevende tiltak og kurs: innføringskurs i metoden, kreativitetskurs, arenaer for erfaringsutveksling mellom lærere, korte temakurs (eks. bærekraft, markedsføring, regnskap) og nasjonalt lærerseminar.

Ungdomsbedrift er en pedagogisk metode som kan benyttes innenfor de fleste fag. En ungdomsbedrift etableres med basis i et programfag med en ansvarlig lærer. Aller best utbytte får elevene når metoden benyttes tverrfaglig. Dette fordrer at ulike faglærere samarbeider. Norsk lærer bidrar inn når elevene skal presentere bedriften skriftlig (forretningsplan, nettside, sosiale medier, årsrapport) og muntlig (presentasjon for ulike målgrupper). Matematikklærer bidrar når elevene jobber med beregninger, budsjett og regnskap. Samfunnsfaglærer bidrar når elevene jobber med ulike temaer i sine bedrifter (bedriftsdemokrati, arbeidslivsmodellen, livsmestring, bærekraft).

- Claus W. Dahm, lærer på Kongshavn videregående skole: «*Vi jobber mye tverrfaglig. Vi henter inn litt skriving hos norsk-læreren, litt økonomi, kanskje litt markedsføring. Jo flere fag du kan trekke inn, jo mer lærer du.*» Se film med Claus [HER](#)

For å få til det tverrfaglige arbeidet, må Ungdomsbedrift forankres hos skoleledelsen. Skoleledelsen må tilrettelegge for at lærere får mulighet til å delta på kompetansehevende tiltak og kurs i regi av UE, og tilrettelegge for tverrfaglig arbeid når timeplanen legges. Det må legges opp til nødvendig planleggings- og samarbeidstid for lærere som er involvert.

## VI. Kompetanse for fremtiden

Vi vet at elevene utvikler relevant og fremtidsrettet kompetanse gjennom deltagelse i Ungdomsbedrift. Lied-utvalget peker på at det er tre kategorier av kompetanse som det blir behov for framover: grunnleggende kompetanse, metakompetanse og livskompetanse. I Ungdomsbedrift utvikler elevene alle tre typene.

[Østlandsforskning gjennomførte våren 2018 et forskningsprosjekt i fem europeiske land](#) og i sin rapport peker de bl.a. på at elever som har deltatt i Ungdomsbedrift har høyere score på

prosjektledelse, mestringsevne, problemløsingsevne, teamarbeid, å ta initiativ og på samfunnskompetanse. Østlandsforskning fant også at UB-elevene blir bedre på muntlig kommunikasjon, matematikk, digital kompetanse og "lære å lære", samt at de har høyere skolemotivasjon og prestasjoner generelt. Dette støtter tidligere funn av Østlandsforskning på Ungdomsbedrift i Norge.

En undersøkelse som er utviklet i samarbeid med UEs internasjonale nettverk JA Europe, «the Entrepreneurial Skills Pass», ble gjennomført i Norge skoleåret 2017/18. Denne viser at elever som deltar i Ungdomsbedrift vurderer seg selv høyere på slutten kontra starten av skoleåret på kreativitet, gjennomføringsevne, selvtillit, samarbeidsevne, å ta ansvar, å ta initiativ, og evne til problemløsning. Vi gjennomførte en tilsvarende undersøkelse blant UB-lærere våren 2018, og 300 UB-lærere bekrefter dette bildet: Lærerne sier at elevene blir bedre på alle disse kompetansene i løpet av skoleåret med Ungdomsbedrift. Vi vil også nevne at 8 av 10 UB-elever er fornøyd eller svært fornøyd med Ungdomsbedrift som metode for å lære. Og 9 av 10 UB-lærere mener de når kompetanse mål i læreplanen gjennom arbeidet med Ungdomsbedrift.

UEs undersøkelser er tilgjengelig [HER](#).

Se film med elever ved Hetland videregående skole som forteller om sin læring [HER](#)

## VII. Avslutning

Vi håper Lied-utvalget vil ta med våre innspill i det videre arbeidet med hovedinnstillingen.

Dersom utvalget ønsker et møte for å diskutere våre innspill, så stiller vi gjerne! Vi kan tilrettelegge for et møte med elever, lærere og skoleledere som har erfaring med Ungdomsbedrift.

Vi kan også tilrettelegge for et møte med noen av våre samarbeidspartnere fra næringslivet som samarbeider godt med skoler. Dette inkluderer aktører som ManpowerGroup, Nordea, Visma og Storebrand.

Med vennlig hilsen



Grete I. Nykkelmo  
administrerende direktør  
Ungt Entreprenørskap Norge

# - Sørgeleg forestilling

■ Kirkebøen og Arnegard møtte på tinget ■ Såg politikarane legge ned livsverket

Etter eit kraftig ordskifte frå talarstolen vedtok Stortinget å legge ned pelsdyrnæringa frå 2025.

LILLIAN HOLDEN  
lh@hallingdolen.no

- Eg har lyst til å seie at for Frp er dette ei dritsak. Men det skal eg ikkje seie, for det er ikkje eit parlamentarisk uttrykk, sa sak-sordførar Morten Ørsal Johansen (Frp) då pelsdyrdebatten begynte i stortingssalen torsdag.

Saka vart opna rundt klokka 11 på føremiddagen, og talarlista var nærmast endelaus. Fleire store saker følgde utover dagen, derfor vart det ikkje avstemming i pelsdysaka før lenge etter midnatt.

#### - Tapt kamp

Stortinget skulle stemme over nedlegging av pelsdyrnæringa, og dei folkevalde tok for gitt at forbodet ville bli vedteke då dei debatterte torsdag. Det som skapte temperatur i salen, var den omstridde kompensasjonsordninga: Kva bøndene skal få i erstatning for å måtte legge ned.

Torsdag morgen, berre nokre timer før debatten i Stortinget, leverte regjeringspartia inn eit nytt forslag til kompen-



PÅ TINGET: Sigbjørn Kirkebøen og Nils Arnegard på tilhørarbenken i stortingssalen. (Foto: PRIVAT)

sjonsordning. Men stridste-maet var framleis med, dei vil ta utgangspunkt i bokført verdi av ikkje-realiserbar kapital når bøndene skal kompenserast.

Førestillinga frå talarstolen var noko merkeleg: Ein etter ein gjekk representantane frå dei ulike partia fram og beklaga overfor bøndene at dei måtte stemme for å legge ned pelsdyrnæringa. Avviklinga av næringa var Venstres store siger i Granavolden-plattforma, og

Høgres Margunn Ebbesen innleia sitt innlegg med å seie unnskyld til bøndene.

- Dette er det vanskelegaste innleget eg nokon gong har halde. Ære vere pelsdyrbøndene, som har gått på jobb med stoltheit og glede. Me er mange som deler skuffelsen med bøndene i dag. Me skal avvikle ei næring. Dette er ikkje Høgre sitt standpunkt, men denne kampen tapte me.

Andre parti var særstykke

med vedtaket om å legge ned næringa frå 2025.

- Dette er ein stor dag for alle som er opptatt av dyrevelferd. Ein aldri så liten verkebyll skal fjernast for godt, sa Arne Nævra (SV).

#### - Trist

Frå Hallingdal hadde både Sigbjørn Kirkebøen og Nils Arnegard reist til Oslo for å høre på debatten.

- Det var ei trist og uverkeleg

oppleving, å høre på ein debatt om avvikling av eins eigen arbeidsplass og livsverk. Me var førebudd på kva som ville skje, men det vart likevel ei svært spesiell og alvorleg oppleving, seier Kirkebøen.

Han beskriv det som absurd å høre på diskusjonen om kompensasjon, der representantar frå regjeringspartia skulda Sp og Ap for å ha skapt usikkerheit og lite føreseilegheit blant bøndene.

- Regjeringspartia meinete sjølv at deira eige forslag vil vere betre for oss pelsdyrbønder. Men frå vår side er det uomtvisteleg at det er regjeringspartia som har skapt uvise. Dei vil vedta ei lov som gjer at me mistar retten til full erstatning, seier han.

- Dette var mitt første besøk på Stortinget under ei slik hand-saming. Det var ei sørgeleg forestilling av våre fremste menn og kvinner i nasjonalforsamlinga.

Då det endeleg vart avstemming i saka natt til fredag, sa Sp nei til avvikling av næringa – det same gjorde noko overraskande også Ap. Dei har i fleire år vore klar på at dei vil ha slutt på pelsdyr, men i protest mot kompensasjonsordninga stemte dei likevel imot ei nedlegging. Både Sp og Ap var tydelege i debatten på at pelsdyrbøndene skal sikrast full erstatning gjennom lovheimla rett.



ALLE VINNERANE:  
Bak frå venstre Per Olav Hagen Hallingstad, Amund Bentehaugen, Theodor Bråten, Ola Ulves Flatåker, Amalie Kök, Arne Borge Hesla og Daina Kliknate. Framme frå venstre Marte Medgård Storebråten, Marie Storebraaten, Mari Kaslegard, Ingvill Isungset og Ingrid Røe Gullingsrud. (Foto: PRIVAT)

## Her er ungdommar med kreative idear for framtida

Denne veka hadde elevere ved Gol vidaregåande skule innovasjonscamp for å finne idear til framtidige bedrifter.

MONA N. STENSVOLD  
mns@hallingdolen.no

Innovasjonscampen utgjorde to av tre dagar av entreprenørskapsveka.

På opningsdagen hadde

elevane foredrag frå inviterde gjester, om næringsliv, ide-utvikling, bedriftsutvikling og media. Onsdag og torsdag jobba dei i lag i grupper, med å finne idear til framtidige bedrifter. Campen vart avslutta med finalar, der det til slutt vart kåra ein vinnar av campen og to andre vinnarar for beste presentasjon og beste innovasjon. Det er fyrste gong det er gjennomført eit slikt opplegg på vi-

deregåande skule i Hallingdal. Målet er å bidra til ein innovasjonskultur i skulen og legge grunnlag for fleire ungdomsbedrifter. Hallingdal er best i klassen for elevbedrift i grunnskulen, men svakast for ungdomsbedrift på vidaregåande skulenivå. Lokalt arbeidsliv treng også innovatørar, anten for å starte nye bedrifter, eller for å bidra til nytenking i eksisterande verksemder, både pri-

vat og offentleg. Det er noko av bakgrunnen for opplegget.

- Korleis føler du deg no?, spurde Trine Sigurdsson frå Ungt Entreprenørskap Buskerud.

- Inspirert, svarte Marte Medgård Storebråten. Ho hadde akkurat fått prisen som vinnar av innovasjonscamp 2019 saman med gruppa si. Dei hadde blant anna ideen «Hinder», ein slags Tinder, berre for

Hallingdal, som skulle kople individuelle behov med lønning-forslag. To andre grupper fekk premiar for beste presentasjon, og beste innovasjon. Ei gruppe kopla lokalbankens behov for å kommunisere med ungdom ved å kople inn spelet Monopol. Marknadssjef i Sparebank 1 Hallingdal Valdres, Espen Karlsen, var så entusiastisk at han nesten lova gruppemedlemmene jobb etterpå.

# - Dette er viktig investering i framtida

Torsdag møttest valfags-elevar frå heile Hallingdal på Geilo for å vise fram kva dei har lært.

CAROLINE UTTI  
cu@hallingdolen.no

Dei siste sju åra har Ungt Entreprenørskap Buskerud arrangert messedag for valfagselevar på ungdomstrinnet i Hallingdal. Årets utgåve gjekk av stabelen på Vestlia Resort på Geilo torsdag. Der møttest heile 426 elevar på 8.- og 9. trinn frå Ål, Gol, Hol, Hemsedal og Flå.

## For sjunde året på rad

Dagen starta med offisiell opning og kulturprogram, før elevane gjekk i gang med å presentere eigne valfag. Det var eit stort spekter av ulike fag som var representert, med alt frå fysiske og visuelle fag til meir «akademiske» fag som forsking og teknologi. I tillegg var det ei storstilt kåring med ulike kategoriar knytt til mellom anna presentasjon, innovasjon, design og sal. Elevar på faget «sal og scene» vart vurdert etter sceneprestasjoner, medan «fysisk aktivitet og helse» heldt instruksjoner i Geilohallen. Elevane på resten av valfaga presenterte arbeida sine på stands. Juryen sat 15 representantar frå det lokale næringslivet i Hallingdal.

## Unge idémakarar

Seks juryar delte ut åtte gruppeprisar i tillegg til individuelle prisar for «Beste seljar». Blant dei gjævaste prisane var truleg «Mest innovative idé» og «Beste elevbedrift». Elevbedrifa Fjellis EB stakk av med prisen for beste idé, medan USG EB vart kåra til beste elevbedrift. Både frå Geilo barne- og ungdomsskole. Juryformann Trond Ask-Henriksen i Hallingdal Etableresenter har vore med på messa som observatør og dommar sidan starten. Han er imponert over både



**BESTE ELEVBEDRIFT:** USG EB (unge spreier glede) frå Geilo. F.v. Ronja Elban Frydenlund, Åsne Furuseth, Tuva Rotegård, Zuzanna Kroliczek, Hanna Marie Auve Ward, Tilda Løvold. Sara Tuft Hamre, Ousama Khushifi og Feven Seyoum var ikkje til stades. (FOTO: PRIVAT)



**MEST INNOVATIVE IDÉ:** Fjellis EB frå Geilo. F.v. Niamh Kaja Wilson, Anne Linn, Sperrevik Persson, Otilia Ryo-Bergstad og Erle Skogly Lysåker. (FOTO: PRIVAT)

arrangementet og idéane som kom fram.

– Dette lovar godt for framtida. Dei har ikkje berre seg sjølv i fokus, men er derimot oppatt av å skape noko som andre kan ha glede av. Det er kjemperfint å sjå. Og det er kanskje dét som imponerer meg mest, trass i at det ikkje er eit kriterium i konkurransen, seier Ask-Henriksen.

## Formar eigen framtid

Han rosar både arbeidet til primus motor Erna Viken Holvik i Ungt Entreprenørskap, og alt det gode arbeidet som blir gjort omkring på skulane i Hallingdal.

– Mange av idéane som kjem fram på messa verkar tryggande for framtida, tenkjer eg. Mange av jobbane desse ungdommane skal ha i framtida er ikkje funne opp enno – men dette er dei med på no. Dessutan veit me at sjansen for å starte eigen



**SALSTRIKS:** Ulrikke Ytteborg (f.v.) kårar Ronja Xime Wølneberg frå Hemsedal til beste seljar. (FOTO: PRIVAT)

bedrift som vaksen er langt høgare viss ein har jobba med ungdomsbedrift, enn om ein ikkje har gjort det. Arbeidet som blir lagt ned i dette og liknande arrangementet er ei viktig investering i framtida vår.

## NES KINO

**POKÉMON: DETECTIVE PIKACHU**  
1 t 44 min • 9 år.  
**Egnethet:** Barn over 9 år/ungdom  
Lørdag 11. mai • Kl 1830  
Søndag 12. mai • Kl 1830  
Billetter kjøpes på  
www.hallingbillett.no



## Feir 17. mai med oss på Thon Hotel Hallingdal

- 08.00-11.00: Champagnefrokost.  
Buffet + 1 glass musserende kr. 199,-
- 11.00-14.00: Salg av smørbrød, kaker, is og kaffe. Godt utvalg.
- 14.00-19.00: Dagens 3-retter for 299,-
  - Potet og purreløksuppe med sprøstekt bacon og urteolje
  - Pannestekt laksefilet med agurksalat, kokte poteter og sandefjordsmør
  - Jordbær med vaniljeis
- 19.00-22.00: Vanlig a la carte

**Bordbestilling:**  
32 08 20 11 / hallingdal@olavthon.no  
Vi gleder oss til å se alle i finstasen, og lover å lage god stemning!

For andre henvendelser, ta kontakt eller kom innom. Vi skreddersyr konfirmasjoner, bryllup og andre typer selskaper etter dine behov.

THON  
Hotel Hallingdal



ÅL KULTURHUS

## AKTUEL - KULTUR



### ØYSTEIN SUNDE OG MEGET I SLØYD

Sjølvaste Øystein Sunde skal ut på tur att, og som alltid har han med seg bandet sitt, Meget i sløyd. Dette er noko av det aller beste som er å oppdrive av allsidige bluegrass-musikarar på denne sida av Atlanter'n:

Terje Kinn - banjo, Øystein Fosshagen - fele og mandolin, Knerten Kamfjord - bass og Knut Hem - dobro og perkusjon.

ONS DAG 4. SEPTEMBER  
KL. 19:00

## AKTUEL - FILMAR



### STALKER

## KINOPROGRAM

### POKÉMON: DETECTIVE PIKACHU

9 ÅR / 1T 44 MIN  
LAURDAG 11. MAI..... KL 18:00  
SUNDAG 12. MAI..... KL 17:30  
TORSdag 16. MAI..... KL 18:00

### HAPPY ENDING

LAURDAG 11. MAI..... 1T 36 MIN  
KL 18:30

### STALKER

15 ÅR / 1T 38 MIN  
LAURDAG 11. MAI..... KL 20:00  
ONS DAG 15. MAI..... KL 20:30  
TORSdag 16. MAI..... KL 20:00

### THE CURSE OF LA LLORONA

15 ÅR / 1T 33 MIN  
LAURDAG 11. MAI..... KL 20:30  
TORSdag 16. MAI..... KL 20:30

### DET FLYVENDE TEPPET

ALLE / 1T 21 MIN  
SUNDAG 12. MAI..... KL 17:00  
ONS DAG 15. MAI..... KL 18:00

### THE HUSTLE

ALLE / 1T 33 MIN  
SUNDAG 12. MAI..... KL 19:00

### BABYKINO: MÅNDAG 13. MAI

KL 12:00

### TORSdag 16. MAI

KL 18:30

### AVENGERS: ENDGAME

12 ÅR / 3T 02 MIN  
SUNDAG 12. MAI..... KL 19:30  
ONS DAG 15. MAI..... KL 19:45

### BRITT-MARIE VAR HER

ALLE / 1T 36 MIN  
ONS DAG 15. MAI..... KL 18:30

### RIVE-ROLF KRÆSJER INTERNETT

6 ÅR / 1T 52 MIN  
GRATIS 17. MAI-KINO..... KL 17:30

### THE HATE U GIVE

12 ÅR / 2T 12 MIN  
GRATIS 17. MAI-KINO..... KL 19:30

## KULTURPROGRAM

### Folkemusikkveka

23.-26. MAI  
ONSDAG 5. JUNI KL. 1500-2100  
ONSDAG 4. SEPTEMBER KL. 1900  
FREDAG 20. SEPTEMBER KL. 1800  
MÅNDAG 21. OKTOBER KL. 1900  
FREDAG 25. OKTOBER KL. 2000

HALLING  
BILLETTER.no

WWW.AAL.KULTURHUS.NO

**RADIO HALLINGDAL**

**PROGRAMOVERSIKT**

**LAURDAG 11.05.**  
KL. 06.00 Musikk og nyhende

**SUNDAG 12.05.**  
KL. 06.00 Musikk og nyhende

**MÅNDAG 13.05.**  
KL. 06.00 Musikk og nyhende  
KL. 09.00 Fredagsmagasinet, reprise

# Dei sikra seg wildcard

■ Hallingdal stiller med to finalistar i idékonkurranse ■ Klare for Drammen

Både smarte søppel-dunkar og vinddrive mobilladar fengja juryen. Hallingdal stiller dermed med to finalistar i årets Innovation Camp.

LINE SANDVIK  
ls@hallingdolen.no

Poeng for innsamla søppel i smarte søppelkasser. Der det blir registrert kor mykje du sorterer og kastar. Og scoren din kjem opp på ein app. Denne ideen er det elevar på Flå ungdomsskole som har kome med i konkurransen Innovation camp 2018-19. Ungt entreprenørskap Buskerud inviterte for 15. gong alle elevane i 9. klasse til å vere med og utvikle smarte idear. I siste heatet før finalen fekk også ein trio hemsedalsjenter med vinddrivne mobiladar sjansen. Elevbedriften Grønn Strøm fekk wildcard til finalen.

## Kreativ ungdom

Kreative unge hovud frå fem klassar på 9. trinn i Hallingdal gjekk vidare etter mellomrunden i Hønefoss i november. No er det avgjort at to av desse skal til fylkesfinalen i Drammen 13. februar.

Gjennom kreative prosesser skal elevane oppdage utfordringar i lokalsamfunnet. Og skape innovative løysingar, lage modellar og presentere ideane gjennom ei elevbedrift. Innovation Camp dekker fleire kompetanseområd. Både utdanningsval, valfag, norsk, matematikk, naturfag, mat og helse, samfunnsfag, arbeidslivsfag og kunst og handverk er representert. Programmet gir trening i å jobbe kreativt og gir

innsyn i korleis ideutvikling og oppstart av bedrift går føre seg.

Innovation Camp går gjennom fleire rundar. I oktober var det skulerundar der elevane fekk besøk av ein gründer, det blir halde kreativt verkstad og til slutt blir elevbedrifta presentert for ein lokal jury og vinnargrupper blir kåra. Så kjem ein tre-firre regionale mellomrundar med ideutvikling og kurs, samt kåring av finalegrupper.

Under finalen er det i år 20 lag som skal presentere ideen sin på ein stand. No er det ein jury frå næringslivet som skal kåre vinnarar i fleire kategoriar.

## Fem bedrifter

Til mellomrunden i Hønefoss kom til saman fem elevbedrifter frå Hallingdal. I tillegg til Pollution World og Grønn Strøm, var elevbedriften Freedog, El-spark og S. S. A representert.

Freedog er eit belte med skinne - til hjelp for hundeeigarar. Geilingane Sondre Slettemark, Nora Berg Tafjord og Leah T.F. Borgen kom med denne ideen. Utstyr for å lage sparken om til ein el-spark, er det Jermund K. Verpe, Knut Olav Grøtt, Sindre Julian Rue og Stian Kleven frå Geilo som kom på. Medan sjølv-strammande skisko er det hemsedølene Alfons Sjøgren, Halvar Lien, Flynn Aron Amm og Amir A.F. Farhini som er hjernane bak.

Bak Pollution World frå Flå står Fredrik A. Ekeren, Nora Frydenlund, Emilie K. Kaspersen og Jelle Peter-Alex Wennemers. Dei har ideen om ein app knytt til smarte søppeldunkar som registrerer kor mykje du sorterer og kastar. Pollution World EB fekk finaleplass av juryen i Hønefoss.

## Wildcard

Men Ungt Entreprenørskap



▲ FEKK WILDCARD: Kristine Markegård (f.v.), Maria Bu-Ruym og Elvira Gomez Snerte frå Hemsedal har ideen om grøn strøm gjennom ein vinddriven telefonladar. (Foto: MARIT VIKO, UNGT ENTREPENØRSKAP BUSKERUD)

► TIL FINALEN: Gjennom elevbedriften Pollution World, har Fredrik A. Ekeren, Nora Frydenlund, Emilie K. Kaspersen og Jelle Peter-Alex Wennemers frå Flå ideen om utvikling av ein app knytt til smarte søppeldunkar som registrerer kor mykje du sorterer og kastar.

har bestemt seg for å gi Grønn Strøm EB frå Hemsedal wildcard til finalen. Kristine Markegård, Maria Bu-Ruym og Elvira Gomez Snerte sin ide om grøn strøm gjennom ein vinddriven telefonladar fengja.

- Dei hadde ein veldig god idé



og ein veldig fin presentasjon i Hønefoss. Dei hadde laga ein prototype og hadde kome langt i prosessen. Fem gjekk vidare derifrå, og Grønn Strøm stod og vippa, men fall akkurat utanfor. Så var det to mellomrundar i Mjøndalen. Me sat då att

med 19 lag og hadde tenkt å ha 20. Frå Hønefoss hadde me fem lag, med høve til å sende seks bidrag til finalen. Så ein kollega av meg vart samd i at Grønn Strøm kunne få vere med, fortel Erna Viken Holvik frå Ungt Entreprenørskap Buskerud.

## Abonnementsprisar 2019

### Totalabonnement

<b>12 mnd</b>	<b>kr 2429,-</b>
<b>6 mnd</b>	<b>kr 1329,-</b>
<b>3 mnd</b>	<b>kr 689,-</b>
<b>1 mnd</b>	<b>kr 199,- *</b>

### Nettabonnement

<b>kr 2199,-</b>
<b>kr 1219,-</b>
<b>kr 619,-</b>
<b>kr 179,- *</b>

**Papirfaktura kr 35,-**

Ved spørsmål, ta kontakt med vårt kundesenter på tlf. 32 08 65 00.



NO MED TILGANG TIL  
DIGITALT ARKIV FRÅ 1936.

\* Gjelder avtalegiro og betalingskort



**BEST I BUSKERUD:** Geilo barne- og ungdomsskole er kåra til årets beste entreprenørskapsskole i fylket. (FOTO: ARKIV)

# Skulen fekk heider

Geilo barne- og ungdomsskole er kåra til «Årets entreprenørskapsskole» i Buskerud.

CAROLINE UTTI  
cu@hallingdolen.no

– Me har ein rådgjevar som har jobba lenge og målretta med dette, og

som er veldig engasjert. Heile kollegiet er positivt innstilt til arbeidet og har sett moglegheitene. Å få ein pris for det er veldig flott, seier Hilde Sletta Solhaug, rektor ved Geilo barne- og ungdomsskole.

Storskulen på Geilo har kring 70 tilsette og 400 elevar delt på 1.-10. trinn. Sjølv prisene på 50.000 kroner blir delt ut at Buskerud fylkeskom-

mune, i samarbeid med Ungt Entreprenørskap i Buskerud.

– Me har eit veldig bra samarbeid med næringslivet lokalt, dei er veldig positive og stiller alltid opp. Me hadde faktisk entreprenørskapscamp seinast på torsdag, seier rektoren.

#### Jobbar systematisk

Det var politikarane i

hovudutval for miljø, innovasjon og næring i fylkeskommunen som stod for prisutdelinga onsdag ettermiddag.

– Dette er ein velfortent siger for Geilo barne- og ungdomsskole som har jobba iherdig og systematisk med å lyfte entreprenørskap inn i skulekvardagen, seier leiar av hovudutvalet, Hanne Lisa Matt (MDG). – Me

ynskjer å lyfte fram skular som systematisk brukar entreprenørskap som ein metode i undervisninga, legg ho til.


#### - Verdig vinnar

Matt får støtte frå Erlend Eggen, dagleg leiar i Ungt Entreprenørskap i Buskerud.

– Geilo er ein verdig vinnar i år. Dei har lenge hatt eit systematisk sam-

arbeid med lokalt arbeids- og næringsliv, seier Eggen. – Skulen er opptatt av tverrfaglegheit, og brukar lokal-samfunnet som læringsarena – eit godt døme på ein entreprenørskaps-skule, legg han til. I fjar var det Lier vidaregåande skole som stakk av med sigeren som fylkets beste entreprenørskaps-skule.

## Vil DU teikne Hallingdølens julekort 2018?



Teikna av Anton Ivo Zbierzchowski, 8 år, Hemsedal

Vinner av julekortkonkurransen 2017 var Anton Zbierzchowski, 8 år, frå Hemsedal, med denne fine teikninga.

### Hallingdølen inviterer born i alderen 7 – 10 år til teiknerekonkurranse.

Vinnaren vil få si teikning som motiv på Hallingdølens julekort 2018.  
**Den vil bli premiert med kr. 1000,-.**

**Innleveringsfrist for teikninga er fredag 30. november**

Dei ferdige julekorta vil bli 18 cm høge og 13 cm breie.  
**Teikninga må teiknast på høgkant.**

Vinnaren vil bli presentert i Hallingdølen **laurdag 22. desember**.

Konkurransebidrag kan sendast til Hallingdølen på postmottak@hallingdolen.no eller med post til Hallingdølen, Sundrevegen 79, 3570 Ål.

Du kan også gjerne kome innom avishuset med teikninga.

Merk innleveringa med **«Julekortkonkurransen 2018»**.

Me ser fram til å ta i mot mange stemningsfulle forslag.

**Hallingdølen**